



Magne Møvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2089 - 17/13568

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

28.06.2017

Tilbakemelding - GBNR 23/180 - Søknad om løyve til oppføring av garasje/bod i form av tilbygg til garasje - Frekhaugmarka

Vi viser til søknad om løyve til oppføring av bod/garasje i form av tilbygg til eksisterande garasjeanlegg på gbnr. 23/180, Frekhaugmarka.

Tiltaket er omsøkt med bebygd areal (BYA) og bruksareal (BRA) på 10,8 m². Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført 18.8.2016, komplementert med dokumentasjon journalført 26.6.2017.

Eit tilbygg på under 15 m² BYA/BRA, som ikkje er innreia til varig opphald, er unntatt frå søknadsplikt ved ei plassering på minst 4 meter til nabogrensa, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 4-3 bokstav a), jf. pbl §§ 20-5, jf. 20-1 bokstav a). Føresetnaden er at bygget er i samsvar med plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar.

Tilbygget er omsøkt plassert 4 meter frå nabogrensa mot gbnr. 23/238, på eit areal som er satt av til garasjar i Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka, planid: 125619780310. Dette inneber at det kan byggjast tilbygg i form av garasjar på eigedomen i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Storleiken på det omsøkte tiltaket tilseier at tilbygget er under standard mål på garasjar, men kommunen kan likevel ikkje sjå at tiltaket er i strid med gjeldande arealformål. Tiltaket kan difor nyttast til garasje/bod etter høve.

Omsøkt plassering inneber ein avstand til den køyrbare gangvegen på 1 meter, som vist på situasjonskart journalført 26.6.2017. For å halde avstandskravet på minst 1 meter til vegen, jf. planføresegn 7 slik den er etter vedteken planendring i sak 042/10, datert 5.5.2010, vert garasjen 4,5 meter lang. Vi viser til reviderte teikningar, journalført 26.6.2017.

Oppføring i samsvar med reviderte teikningar, journalført 26.6.2017, plassert som vist på situasjonskart journalført same dato, er i samsvar med plan- og bygningslova og gjeldande reguleringsplan. Dette inneber at tiltaket ikkje er søknadspliktig, jf. SAK10 § 4-3 bokstav a), jf. pbl §§ 20-5, jf. 20-1 bokstav a). Tilbygget må

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

likevel tilfredsstillte materielle krav til utforming, og kommunen krev difor at det vert oppført i tilsvarande materialar og utforming som eksisterande garasjar, til tross for ei kortare lengd, jf. pbl §§ 29-2, jf. 29-1.

På bakgrunn av det ovannemnde finn ikkje kommunen grunnlag for å vurdere søknaden din nærare. Du kan oppføre tiltaket i samsvar med vedlagte teikningar og situasjonskart, men vi minner om at du må informere kommunen om tiltaket og plasseringa når det er ferdigstilt, slik at kommunen kan oppdatere kart- og matrikkeldata, jf. SAK10 § 4-1 siste ledd.

Vi presiserer at kommunen ikkje har teke stilling til eventuelle privatrettslege spørsmål knytt til bruken av garasjelegget, jf. pbl § 21-6.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

garasje plan
garasje plan sit

Mottakere:
Magne Møvik